

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Davik

Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdelag: Endal - Davik

Oppskr. av: H.Aardalsbakke Gard: Endal, Askeland, Davik

(adresse): Davik G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- I. I eldre tider hadde ein ikkje råd til å brukha nysilt til drikke anna til framandfolk som kom til gards. Dei laut vera var om den nysilte mjølka. Av fløyta kinna dei smør som var de viktigaste innkomstkjelda dei hadde.
2. Ja sur mjølk når det var varmt og dei var tyrste.
 3. Saupblandeog myseblandinge var den vanlegaste tyrstdrykk og er det framleis-når det er varmt og ein sveittar mykje da er det ein frisk og god drykk. Øl.
 4. Øl har ikkje vore nytta til kvardags så langt attende som folk kan minnast. Det var til høgtidsbruk og lag t.d. brudlaup, barnedåp og gravferd det vart brukt. Det tynne ølet-eitelaug- kunne ein blande sterkt ut i vatn og bruke til leskedrykk. Eitelaug laga ein etter var ferdig med det rette ølet. Det kjem vel av etterlaging. Det var veikt og kunne passe som tystedrykk når det var godt utblanda i vatn.
Kaffi.
 5. Kaffi brukte ein før berre til høgtidsbruk og lag Koppene vart borne inn juleafta, paskeafta og pinsafta og borne ut att straks over helga. Frå nittiåra tok den til å verta meir brukta.
 6. Frå nittiåra tok døbt til å verta kvardagsdrykk.
 7. 3 gonger om dagen, sume kan henda 4.
 8. Ein har kaffien opp i vatn-kalt ellern varmt- etter som det høver og kokar den, så slår ein den over i kanne og let den stå ei stund. Ein brikkar ikkje noko slags rådgjerder for å kläre kaffien. Her er ingen som spår i grut, og ingen som kjener til at det har vore gjort.
 9. No det er så vanskeleg om sukker er det sjeldan at ein brukar det, men då her var rikeleg sukker brukte ein det i kvart fall til høgtid og i gjestebod, Det er rafinade som er brukta. Andre sortar sukker er ikkje brukta.
 10. Har ein fløyte, brukar ein den i kaffien-ellest lyt ein nøya seg med mjølk.. Ost eller vispa egg brukar ein ikkje.

Te.

- II. Te er brukta men ikkje mykje og då helst til kvelds til høgtidsbruk. Det var i nittiåra ein tok til å brukha te. No lagar ein seg te av turka epleskivor, turka jordbær- og bringebærlauv.